

---

Saksnr: 2019/65-43  
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkestinget		29.09.2021

**Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 16.-17.06.2021**

Møteprotokoll frå fylkestinget 16.-17. juni 2021 er lagt ved saka.

Administrasjonen vil rå til at opphavelag møteprotokoll del II i PS 64/21 Møteplan for folkevalde organ 2022 vert endra for å klargjere ordlyden i vedtaket:

Protokoll publisert etter fylkestinget hadde følgjande ordlyd:

**Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021****Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

Protokoll som vert endra vil få følgjande ordlyd:

**Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021****Avrøysting**

Innstillinga frå tilleggsnotat 2 vart lagt til grunn for avrøystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek justert møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune som ligg i tilleggsnotat 2 til saka.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

Endringa er ikkje meint å gjere om på det som er vedteke, men snarare ei presisering av at det var tilleggsnotat 2 i saksframlegget som låg til grunn for avrøystinga og som vart vedteke.